

## Prioriter kyrkja!

17.12.2012



Innsats for kyrkja: Dugnad på kyrkjegarden

**Leiari av Uskedal sokneråd Møyfrid Kristoffersen ber det kyrkjelege fellesrådet om at det prioriterer kyrkja slik at ho står fram slik ho bør til eit 100-årsjubileum.**

**Leiaren opplysar at eit malingsfirma skal kome no i desember for å sjå kva som trengst i høve den innvendige oppussinga. Det er soknerådet glade for fordi det viser framdrift i arbeidet. Men ein er avhengig av tilleggsløyvingar og eventuelt overskot på rekneskapen for i år.**

Kristoffersen strekar under at dette er eit særskilt jubileum. Det er lenge sidan 1914, men det er likevel så nært.

- Vi kan enno kjenne namna og familiene til dei som jobba så hardt og målretta for at vi skulle få denne fine, vesle kyrkja i Uskedalen, skriv leiaren.

Det står framleis i plandokumentet at kyrkja skal målast utvendig i år og neste år for 150 000, innvendig for 100 000 neste år og det skal eventuelt løyvast 100 000 ekstra i 2014.

Av Ola Matti Mathisen